



Odal Rotaryklubb

Referat frå medlemsmøte på vassverket 16. september 2019

Til stades: Hans Eivind Bjørnstad, Vidar Braaten, Rolf Brun, Gunnar Ditlefsen, Alt Eskevik, Odd Frantzen, Hans Olaf Gjelsnes, Sverre Holm, Vidar Holstad, Marianne Johanstuen, Peder Karlsaunet, Sigvardt Moss Pran, Pål Sindre, Turid Åsum.

- Presidenten ønskte velkomen til vassverket ved Odals Værk. Det var ein fødselsdag å minnst denne dagen: Morten Holmen, 50 år 11. september. Presidenten vitja Morten på sjøve dagen og avleverte ein blomebukett.
- Etter innleiinga ute, tok Trond Nygård oss med inn, gjennom hallen der vatnet blir reinsa og opp i kontrollromet. Der viste han ved hjelp skjermbileta på datamaskinane korleis vatnet blir pumpa frå dei to store vatna litt ovanfor anlegget, grovreinsa og så finreinsa gjennom fire seksjonar av røyr. Filtringa skjer gjennom stålfiler som er sjølvreinsande, det heile skjer automatisk. Etter denne filtringa kjem det siste steget med UV-stråling, før vatnet går ut på nettet til dei to trykktankane, den eine ved Igletjernet i Sør-Odal og den andre ved Dysterud i Nes. Det er ein del lekkasjar i røyrsystemet i Sør-Odal og Nes. Ved ein større lekkasje, går alarmen, og operatørane på vassverket kan til ein viss grad sjå om lag kvar lekkasjen er. Dei kan slik dirigere folka frå teknisk etat til området der lekkasjen er.
- Heile systemet er lukka. Tanken ved Igletjernet har utlufting med ventil, likeeins eit overlaupsrøyr med ventil som slepp ev. vatn ut, men ingenting inn.
- På dataskjermene kan ein overvake vassforbruket. Kapasiteten blir tilpassa forbruket, og dei to trykktankane held stort sett same nivået heile tida, det like mykje vatn inn som ut.
- Ein tar bakterieprøver kvar fjortande dag, og elles tar ein store, grundige prøver av heile systemet i løpet av året. Dei vanlege prøvene blir sende til Hamar, dei andre til Sverige.
- Vatnet blir tilsett vassglas, det skal m.a. smørje gamle jarnrøyr, slik at det ikkje blir for mange lekkasjar.
- Etter orientering i kontrollromet, stengde Nygård av ein del av anlegget nede, slik at det ikkje var så mykje støy. Vi gjekk gjennom ein av reinseseksjonane, såg kvar UV-strålinga føregår og til sist inn i verkstaden dei har. Nygård hadde sett fram to bøtter med vatn, ei med ureinsa vatn frå dei to vatna, og ei med reinsa vatn. Den første var brun av humus, den siste heilt rein.
- Om straumen skulle gå, finst det dieselaggregat som startar automatisk og er i gang etter to minutt. Etter ca. 20 minutt er anlegget i gang igjen. Når straumen er tilbake, går det nye 20 minutt før det er normal drift att.

Presidenten takka Trond Nygård for ei interssant og pedagogisk omvising, og han fekk eit krus med rotarylogo på som takk.

Referat ved Pål Sindre.